

Saksnr.  
17/3734-15

Eining/avd/saksh.  
FELLESN//20KJEBAR

Arkiv  
005

Dato  
26.04.2018

## Referat

### Politisk prosjekt - felles kultur, identitet og symbol, møtedato 23.04.2018 arbeidsgruppe

Møtenummer: 5	Møtedato: 23.04.2018
Deltakrar: Aud Kari Isane, Rita Navarsete, Kjetil Kvåle, Trude Risnes, Frode Bøthun, Stig Arne Thune	Ref. sendt til: Aud Kari Isane, Rita Navarsete, Kjetil Kvåle, Trude Risnes, Frode Bøthun, Stig Arne Thune, Maj Britt Brendstuen
Sekretær: Kjell Einar Barsnes	

Grappa gjennomførte videomøte frå Statens hus Sogn og Fjordane, Balestrand rådhus og Campus Fosshaugane måndag 23. april kl. 10.00 – 12.00.

### Sakliste:

1. Møtereferat 16.03.2018

Grappa vil helst ha referata ut kjappare til gjennomlesing. Formatet kan kortast ned til kva skal skje, når, og kven er ansvarleg.

Sak 6 ved førre møte om kostnadsestimat var villeiande.

Referata skal innehalde dei **vedtaka** grappa fattar. Deltakarane får referata seinast dagen etter møtet, og kvitterer ut referat innan to døgn.

2. **Retningsliner for Bli kjent-fond**

Gjennomgang av Bli kjent-fondets reglar, som er inspirerte av Nye Molde sitt initiativ.

Prosjektrådmann orienterte om innstilling på tilskot inntil kr 10 000 per søknad, til saman kr 100 000 i 2018 og kr 100 000 i 2019. Føremålet er grappa einige om: At det skal treffe i heile kommunen. Om det td. er teater det handlar om, so må søknaden skildre korleis det skal treffe heile kommunen. Dette tilskotet skal ikkje vere eit tilskot til drift, men gagne kulturbygginga på tvers av tidlegare kommunegrenser.

**Samarbeidet bak søknadane bør godkjennast av dei tre søkjarorganisasjonane.** Trude tek ansvar for å følgje opp kontakt med Nye Molde. **Samarbeid der organisasjonar frå alle tre kommunane er involverte, vert prioriterte.** Målet er å inkludere flest mogleg, ikkje ekskludere nokon. **To fristar for i år, 15. august og 15. november.** Det er brei politisk semje om dette.

**Administrasjonen lagar ei sak på resten av budsjettet innan neste møte i fellesnemnda.** Aud Kari tek ansvar for samarbeid med Sogn Avis: at dei vert fort kopla på. Administrasjonen får det fram på nettsida Nye Sogndal. Denne grappa sitt mandat går inn mot ordførarane sine grensesnitt, so vi må ikkje gløyme dei. **Arrangementa og prosjekta skal stimulere til samhandling mellom lag i dei tre kommunane.** Eldsjeler som gagnar dei tre kommunane er velkomne som søkjarar.

3. **Felles kultur- og aktivitetsprogram**

Vi får ut invitasjon i Sogn Avis: annonserer tilskotspotten på kr 100 000 i år. Invitasjon til tilskotet ordnar administrasjonen innan 4. mai. Stand på Balejazz med roll-up og brosjyre, eit aktuelt tiltak,

Aud Kari og administrasjonen avtalar nærare opplegg. I Balestrand kan vi òg ta i mot innspel til den nye kommunen.

4. **Styringsdokument med kommunikasjonsstrategi og handlingsplan**

Kommentar: Minst mogleg papir for papiret eller planen si skuld. Milpelsplan: prosjektet vert styrka gjennom det.

5. klasse og ungdomsskulen er målgruppa for idékonkurransen. Vi tek initiativ i løpet av april, sjekkar når det kan passe for læraren. Gruppa og administrasjonen riggar dette, og tingar Sogn Avis og ordførarane.

Til skulane førebur vi ei smørbrødtype om kva vi skal seie, og prosessen på dette vidare. I samband med HVL tek Kjetil kontakt med Studentparlamentet eller Studentsamfunnet. Samfunnsfagseksjonen og lærarutdanninga med formingsfaget kan vere aktuelle her. Kvar ein skild medlem tek kontakt med skulane, presenterer opplegget, og korleis ein vil gjere dette, jf. utarbeida plan. Frist for idékonkurransen: 15. juni. Punkt 3 : påminning til historielaga, pensjonsitlag osv. Media: Heimesidene og Facebook. Vi gjer vårt eige opplegg og vi tek ein prat med ordførarane, og det er positivt å ta dei med seg. Eit døme på skuleopplegg: ta fram Sogn Avis om kva skribentane la fram av idear til kommunevåpen.

Alt vi avgjer må samlast i styringsdokumentet, målet med aktivitetane osv. Målet er at gruppa i samsvar med plan i løpet av denne veka tek kontakt med skulane og informerer kvarandre undervegs.

5. **Budsjett**

Vi er samde om budsjettet, og det vert ei sak til fellesnemnda 6. juni.

6. **Møteplan**

20. august kl. 11-14 på Leikanger, Statens hus S&Fj.

Samansetjing av jury: Sjå på oppgåveportefølja, kåring av folkets favoritt. Vi tek òg eit halvtimes treff 6. juni rett etter møte i fellesnemnda.

7. **Ymse:** Sak på heimesida om Kjerding Open. Vi har etablert *Messenger*gruppe for kjapp kommunikasjon.

Kjell Einar Barsnes  
prosjektkoordinator